

4H-klubbane  
Medlemsorganisasjonane  
4H-fylkesstyret  
SOFA, Sogn og Fjordane 4H-alumnklubb  
4H-gardane  
Valnemnda



Førde 25. januar 2022

## Innkalling til fylkesårsmøte i 4H Sogn og Fjordane

4H Sogn og Fjordane kallar inn til fylkesårsmøte på **Thon Hotel Jølster, Skei** **sundag 13. februar.**

4H-klubbane kan møte med 2 representantar med røysterett. I tillegg kan dei møte med observatørar.

Viser til normalvedtektene for 4H-klubbane, §5 Årsmøtet.

f. Val for eit år av:

- 2 representantar med vararepresentantar til årsmøtet for 4H i fylket.

### Sakliste:

1. Opning
2. Namneopprop
3. Godkjenning av innkalling og sakliste
4. Val av referent og teljekorps
5. Val av to til å skrive under protokollen
6. Godkjenning av forretningsorden
7. Årsmelding 2021
8. Rekneskap 2021
9. Justering av handlingsplan 2021/2022
10. Årsplan for 2022 og 2023
11. Fastsetjing av refusjon og godtgjersle til fylkesstyret
12. Revidering av budsjett for 2022
13. Budsjett 2023 og 2024
14. Vedtektsendingar
15. Årsmøteuttale
16. Tilsetjing av revisor
17. Val
  - A. Ordførar og varaordførar
  - B. Leiar og fylkesstyre
  - C. Vararepresentantar til fylkesstyret
  - D. Fire representantar med vara til Landsmøtet i 4H Norge
  - E. Valnemnd
18. Avslutning

**Postadresse:** Hafstadgården, Fjellvegen 11, 6800 Førde • **Besøksadresse:** Hafstadgården, Fjellvegen 11 • **Telefon:** 951 80 409

**E-post:** Organisasjonsrådgjevar Helene Lundekvam, helene.lundekvam@4h.no •

**Internett:** www.4h.no/sognogfjordane • **Bankgiro:** 3700 07 09132 **Organisasjonsnummer:** 991 796 266

## Praktisk informasjon:

Registrering og oppmøte til årsmøtet er frå kl. 10.00. Årsmøtet startar kl. 11.00 og vil verte ferdig ca. kl. 15.00. Det bli lunsj under møtet.

I førekant av årsmøtet er det SUPERHELG i 4H med styrekurs for medlemmar i klubbstyra. Årsmøtet er ein del av den demokratiske oppløringa under styrekurset og er obligatorisk for alle deltakarane.

Registrering til årsmøtet må de gjere klubbvis ved ankomst.

Det er òg mogleg å møte berre på årsmøtet for representantar frå 4H-klubbane.

### Pris:

Kr 500,- for styrekurs og årsmøte

Kr 350,- for berre årsmøte

Faktura blir sendt til klubbane, som òg betalar reisekostnader.

## Påmelding:

Påmelding via link: [Fylkesårsmøte i 4H Sogn og Fjordane - 4h](#)

Du kan òg melde deg på via «Min side» (oppe i høgre hjørnet) på heimesida [4H Sogn og Fjordane - 4h](#) Legg inn medlemsnummeret ditt og passord, eventuelle allergiar, sjukdomar eller liknande. Årsmøtepapira vert sendt ut på e-post.

**Merk, påmelding Superhelg:** Hugs å melde deg på rett kurs! Du som skal på styrekurs melder deg på «Superhelg = styrekurs og årsmøte» og det delkurset du skal delta på (leiar/nestleiar, sekretær, kasserar, ny i klubbstyret, friluftsliv, ringrev eller kaffikurs) Du er automatisk påmeldt fylkesårsmøtet om du ikkje gir melding om noko anna. Her er ein direkte link til påmelding: [Superhelg = styrekurs og årsmøte - 4h](#)

**Påmelding for** medlemsorganisasjonar og andre som vil delta på årsmøtet: Send mail til [sfj@4h.no](mailto:sfj@4h.no)

**Påmeldingsfristen er 30. januar**


Sakspapira vert sendt til dei påmelde deltakarane 2 veker før årsmøtet. Sakspapira og vedtektene til 4H Sogn og Fjordane kan du òg laste ned frå [nettsaka om fylkesårsmøtet](#)

**Vel møtt!**

Med helsing



Dianne Eikås  
Ordfører i fylkesårsmøtet



Eirik Hortemo Vikøren  
Leiar

## Medlemsorganisasjonar i 4H Norge

Det Norske Skogselskap  
Norges Bondelag

Norges Bygdekvinnelag  
Norges Jeger- og Fiskerforbund  
Norges Skogeierforbund  
Norsk Bonde- og Småbrukarlag

1 representant frå fylkesleddet i kvar medlemsorganisasjon til 4H Norge møter i Fylkesårsmøtet (§ 2 i vedtektene), utan røysterett.